



Fana Stein & Gjenvinning AS avd behandling
av avfall
Fanaveien 221
5239 Rådal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristin Espeset, 5557 2141

Rapport frå inspeksjon ved Stendafjellet avfallsdeponi – Fana Stein & Gjenvinning AS (FSG). Varsel om tvangsmulkt. **Kontrollnummer: 2023.053.I.SFVL**

Kontaktpersonar ved inspeksjonen

Frå verksemda:

Joar Hovda

Sigrun Storheim

Anna Källman (ved befaring på vekta)

Karsten Gundersen

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Astrid Holte

Kristin Espeset

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Fana Stein & Gjenvinning, avd. behandling av avfall (FSG) den 13. september (på anlegget) og 19. september (TEAMS-møte) 2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 3 avvik og ga 3 merknader under inspeksjonen. Statsforvaltaren ser alvorleg på avvik 1.

Avvik:

1. Verksemda har mangelfull mottakskontroll
2. Hall 7 har tett sigevassrøyr og blir brukt til aktivitetar som ikkje er i tråd med løyvet
3. Det er ikkje gjort tilstrekkelege tiltak for å hindre vatn i å komme inn i hall 8 og det er ikkje gjort vurderingar av om det er behov for injeksjon i botn av hallane

Merknader:

1. Rutinane for operatørar i fjell kan forbeistrast
2. Den systematiske gjennomgangen av internkontrollen kan forbeistrast
3. Rutinen for å etterspørje vurdering av PFAS i mottatt avfall kan forbeistrast



Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Kristin Espeset
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Bergen kommune



1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Fana Stein & Gjenvinning AS avd Behandling av avfall	
Organisasjonsnr.: 976829158	Eigd av: 980348466
Bransjenr. (NACE-kode): 38.210	

Kontrollert eining

Namn: Stendafjellet avfallsdeponi – Fana Stein & Gjenvinning (FSG)	Anleggsnr.: 4601.0484.01
Kommune: Bergen	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Deponi for ordinært avfall	
Løyve gitt: 27.07.2012	Sist endra: 13.06.2022

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av den nasjonale tilsynsaksjonen på ordinære avfallsdeponi organisert av Miljødirektoratet.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Mottakskontroll av inngåande avfall
- Utslepp til vatn og kontroll med sigevatn
- Overbyggande tema: Internkontroll med vekt på miljørisikovurdering, avvikshandtering og rutinar

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

FSG pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.



Statsforvaltaren ber vi om at de **innan 1. mars 2024** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde (forpliktande handlingsplan med tidsfristar).

Vi ber også om at de sender inn ei kort utgreiing om korleis merknadane er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Vi ser alvorleg på avvik nr 1 som vart avdekket i denne inspeksjonen fordi det er vesentleg mangel ved ein kritisk rutine. Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgd opp ved ny kontroll.

4. Varsel om tvangsmulkt for retting av avvik

Statsforvaltaren varslar at vi vil gjere vedtak om tvangsmulkt dersom vi ikkje har motteke ei skriftleg stadfesting på at avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde innan 1. mars 2024, jf. forureiningslova § 73.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere eit eingongsbeløp på kr 50 000,-.

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

5. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 11. september 2023. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-8.

På bakgrunn av forventet ressursbruk må FSG betale eit gebyr på kr 56 100,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §39-8. Dette svarer til gebyrsats 5 for tilsyn over fleire dagar. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

6. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden Norske Utslipp www.norskeutslipp.no



7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda har mangelfull mottakskontroll

Avvik frå:

- Løyve til deponiet sist endra 13. juni 2022
 - punkt 10.2 Avfall som kan deponerast
 - punkt 10.2.1 Avfall som ikkje kan deponerast
- Avfallsforskrifta kapittel 9
 - Vedlegg II punkt 1.1 Basiskarakterisering
 - Vedlegg II punkt 1.4 Kontroll på stedet
- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 2 om kunnskap

Kommentarar til regelverket

I vilkår 10.2 står det i tabell 1 lista opp kva avfall FSG kan ta imot. Alle avfallstypene som står lista opp her er ordinært avfall, ikkje farleg avfall. I punkt 10.2.1 står det vidare at det ikkje er tillate å deponere stabilt, ikkje-reaktivt avfall. For å kunne avgjere om avfall er farleg avfall må ein bruke avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 2.

I avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II punkt 1.4 er det krav til at driftsansvarleg skal avgjere om avfallet kan deponerast på bakgrunn av framlagt dokumentasjon. Dokumentasjonen skal vere i tråd med vedlegg II, punkt 1.1.

I internkontrollforskrifta § 5 punkt 2 er det krav til at arbeidstakarane skal ha tilstrekkeleg kunnskap i det systematiske miljøarbeidet. Dette inneber mellom anna at dei tilsette må ha kunnskap om krav til klassifisering og basiskarakterisering i avfallsforskrifta og løyve, og korleis dette skal dokumenterast og kontrollerast.

Observasjonar

FSG har ved vurdering av om dei kan ta imot avfall nytta feil grenseverdier for når avfall blir farleg avfall. Dette kan ha ført til mottak av avfall som FSG ikkje hadde løyve til.

Når det gjeld mottak av forureina massar, boreslam, kostemassar og sandfangsmassar har FSG nytta grenseverdien for tilstandsklasse 5 som definisjon på farleg avfall. Tilstandsklassar kan ikkje brukast til å klassifisere avfall.

Når det gjeld betong, takstein, tegl, BA-avfall, blåsesand, pipestein, keramikk og porselen, mineralmasse har FSG nytta grenseverdier som for fleire parametrar er for høge og ikkje har sitt grunnlag i regelverket.

Det er heller ikkje teke omsyn til summeringsreglane som gjeld når ein skal finne ut om noko er farleg avfall eller ikkje. Mottakskriteria som FSG har brukt til klassifisering av avfall innheld altså feil og må reviderast.



Avvik 2: Hall 7 har tett sigevassrøyr og blir brukt til aktivitetar som ikkje er i tråd med løyvet

Avvik frå:

Avvanning:

- Avfallsforskrifta §9-4 b) forbod mot deponering av flytande avfall
- Løyvet til deponiet sist endra 13. juni 2022
 - Vilkår 10.1

Mellomlagring

- Løyvet til deponiet sist endra 13. juni 2022
 - Vilkår 10.8

Oppsamling av sigevatn

- Løyvet til deponiet sist endra 13. juni 2022
 - Vilkår 10.5

Kommentarar til regelverket

Avvanning

I løyvet vilkår 10.1 står det at det ikkje lenger er tillate å deponere avfall i hall 1-8. Vidare er det i avfallsforskrifta § 9-4 b) fastsett at det ikkje er lov til å deponere flytande avfall.

Mellomlagring

I løyvet vilkår 10.8 står det følgande:

«Fjellhallene kan benyttes til mellomlagring av tørre, rene masser og utstyr for rigg og drift. Masser som skal deponeres skal ikke mellomlagres. Fjellhallene skal så langt som praktisk mulig være avsluttet i tråd med avslutningsplanen og vilkår for avslutning før arealene brukes til mellomlagringsformål. Deponert avfall skal minst tildekkes med tette masser tilsvarende 0-stoff i tilstrekkelig tykkelse for å unngå kontakt med deponert avfall.

Bedriften skal ha oversikt over hva som mellomlagres med opplysninger om type masser, opprinnelse, plassering og mengde. Dokumentasjon skal inngå i årsrapporteringen.

Mellomlagring skal ikke medføre forurensning eller tilførsel av vann til sigevannet. Aktiviteter knyttet til mellomlagring skal inngå i virksomhetens miljørisikovurdering.»

Oppsamling av sigevatn

I løyvet vilkår 10.5 står det følgande:

«Sigevann fra deponiet skal samles opp og ledes til felles pumpesump og målestasjon for byggetrinn 1 (hall 1-8) og 2 (hall 9-18).»

Observasjonar

Avvanning

Hall 7 blir brukt til avvanning av avfall i strid med løyvet og avfallsforskrifta. Det er ikkje lenger tillate å bruke hall 1- 8 til deponering. Det er heller ikkje mogleg å flytte avvanningsaktiviteten til hall 9-18 sidan det er eit forbod mot deponering av flytande avfall.

Mellomlagring

FSG mellomlagrar forureina massar på ein måte som er i strid med løyvet.



I hall 7 er det mellomlagra 15 000 tonn forureina massar og det er eit pågåande mottak. Massane blir lagra direkte opp deponerte massar. I løyvet er det berre opna opp for lagring av reine masser og etter at deponiet er avslutta med tette masser tilsvarande 0-stoff.

Oppsamlingsrøyr for sigevatn er tett

Oppsamlingsrøyrret for sigevatn som kjem ut i enden av hall 7 er tett. Det var synleg sigevatn nedanfor fangdammen.

Avvik 3: Det er ikkje gjort tilstrekkelege tiltak for å hindre vatn i å komme inn i hall 8 og det er ikkje gjort vurderingar av om det er behov for injeksjon i botn av hallane

Avvik frå

- Løyvet til deponiet sist endra 13. juni 2022
 - Vilkår 10.3

Kommentarar til regelverket

I løyvet vilkår 10.3 står det følgande: «Tilførsel av vann til fjellhallene skal avgrensas mest mulig. Fjellhallene skal være utformet slik at områder med innlekkasje av vann skal tettes ved injeksjon.»

Observasjonar

FSG har gjort berekningar av mengda vatn som strøymer inn i hall 8. Ein har funne ut at det er mogleg å redusere vassmengda frå om lag 3600 m³ årleg til om lag 2000 m³ årleg. Dette viser at det er behov for tetttiltak. Det er krav om at dette skal gjerast ved injeksjon, dette er ikkje gjort. FSG stiller seg tvilande til om dette er ein egna metode. Dersom FSG ynskjer å bruke andre metodar må det sendast grunngjeve søknad om dette. Det er heller ikkje gjort vurderingar av om det er nødvendig med injeksjon i botn av deponihallane.

8. Merknader

Vi gav følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1: Rutinane for operatørar i fjell kan forbeistrast

Det er eit krav om at alle lass som kjem til deponi skal kontrollerast før og etter lossing. FSG har fastsett i sine rutiner at lass som ein er usikker på skal tømast for gjennomgang av operatør på NETT-plassen. Det er ikkje heilt klart i rutinane kva oppgåver operatørane som arbeider på deponikanten inne i fjellet har i mottakskontrollen for lass som ikkje har blitt gjennomgått på NETT-plassen.



Merknad 2: Den systematiske gjennomgangen av internkontrollen kan forbedrast

I internkontrollforskrifta §5 punkt 8 står det følgende:

«Internkontroll innebærer at virksomheten skal foreta systematisk overvåkning og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsatt.»

FSG hadde før tilsynet nyleg gjort ein gjennomgang av om verksemda vert drifta i tråd med gjeldande reglar fastsett i forskrifter og løyvet. Trass i at denne gjennomgangen nyleg var gjort, blei ikkje driftsforhold som er i strid med løyvet avdekka. Dette viser at gjennomgangen har forbedringspotensial.

Merknad 3: Rutinen for å etterspørje vurdering av PFAS i mottatt avfall kan forbedrast

Verksemda bør betre rutineane for å spørje avfallsprodusent om det vurdert om avfallet kan innehalde PFAS eller andre organiske miljøgifter.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren